

Opplæringsavdelinga
Hordaland Fylkeskommune

Tilbakemelding frå Hjeltnes vgs på prognoseinntaket 2016

Vg2 Blomsterdekoratør har 13 primærsøkjarar, av desse 1 frå andre fylke, truleg Sogn og Fjordane som ikkje har dette tilbodet i eige fylke. Dei vil då kunna kjøpa plassar frå HFK. Dette er ein gledeleg auke frå i fjar og me kan rekna med full eller opp mot full klasse på dette tilbodet. Næringsa har hatt positiv utvikling dei siste åra og etterspør lærlingar.

Vg2 Anleggsgartnar har fått 3 primærsøkjarar. Her er det teke inn 7 elevar, det vil sei at 4 av dei med 2. prioritet (evt. 3. prioritet) er teke inn. Dette er ei svært lita basisgruppe, men sidan dette er einaste tilbodet i Hordaland er det viktig å oppretthalda tilbodet. For berre 1 år sidan hadde me 20 elevar som fullførte dette programfaget, så det er stor sannsynleghet for at søkjartalet vil gå opp til neste år. Sidan tilbodet truleg vert vidareført på Voss vgs frå skuleåret 17/16 er det viktig i dette mellomåret å oppretthalda tilbodet. Dette og med omsyn til totaltilbodet på Hjeltnes i 16/17. Næringsa etterspør lærlingar.

Totalt elevtalet i 16/17 vil vera om lag det same som i 15/16. I fellesfaga vert klassane slått saman, i år har me køyrt med 2 grupper i fellesfaga. I yrkesfaga vert det ikkje gruppedeling som for anlegg i år. Me kan med dette spara noko inn på lærarressurs.

Sjølv om dette totalt sett vert ei lita elevgruppe skal me greia å få til eit godt undervisningsopplegg for dei. Det er ingen andre skular som har desse tilboda og elevane som har søkt har ein fullføringsrett. Skulen er inne i ei omstilling, som vert avklara i høve til politisk sak i okt. 2016.

Annbjørg Laupsa har hatt møte med inntaksleiar og Svein Heggheim der dei gjekk inn for å oppretthalda vg2 anleggsgartnar som eit tilbod i 16/17 ved Hjeltnes vgs. Dette er og klarert med Fylkesrådmannen.

Budsjettet for 2016 er lagt ut frå elevtalet i 16/17, 17 elevar. Om lag det same elevtalet kan me oppretthalda i år, men med noko skeivare fordeling mellom dei to klassane. Skulen har difor økonomisk dekning for eit elevtalet på 17, med ein liten buffer mot noko lågare.

Hjeltnes 4. april 2016
Gunnbjørg Øyre
Rektor





HJELTNES VIDAREGÅANDE SKULE
HORDALAND FYLKESKOMMUNE



Hjeltnes vidaregåande skule, Hjeltnesvegen 185, 5730 Ulvik • Org.nr. 973923765 MVA
post.hgs@hfk.no www.hjeltnes.vgs.no tlf: 56 53 88 00